

INFORMASJON 7 OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

Formannskapet vedtok, som eg skreiv i informasjonsskriv nr. 6, ein ny plan for høyringsprosessen i samband med barnehage - og skulebruksplanen. Her kjem ein meir detaljert oversikt over korleis prosessen blir framover:

Elevrådsrunde

Kommunedirektøren vil saman med kommunalsjef for oppvekst og skulerådgjevar gjennomføra møte med dei ulike elevråda på skulane våre. Grunna Covid-19 situasjonen vil desse bli gjennomført digitalt. Det er viktig for kommunen å få innspel frå så mange som mogleg, og elevråda er sentrale i denne prosessen. Innspela her vil bli tatt med i kommunedirektøren si sakshandsaming vidare. Dato for denne runden er sett til tysdag 5. januar. Rektorane vil få meir detaljert opplegg og tidsplan.

Folkemøte

I veke 3 og 4 vil det bli gjennomført ni folkemøte, eit i kvar bygd. Grunna Covid-19 situasjonen er det i skrivande stund ikkje rom for meir enn totalt 50 stk inkludert Norconsult og administrasjonen. Det betyr at ein må ha påmelding på førehand. Det kan gjerast via følgjande [lenke](#). Her gjeld "første mann til mølla" prinsippet. Dersom dei nasjonale retningslinjene endrar seg vil me sjølvstakt utvide til det anbefalte antal som er lovleg. Norconsult vil delta fysisk i bygdene Imsland, Vats, Vikebygd og Bjoa. I dei andre bygdene deltek dei digitalt.

Alle folkemøta vil bli sendt på KommuneTV direkte, og i ettertid i opptak på kommunen si heimeside. [Her er direkte lenke til KommuneTV.](#)

Tema for folkemøta i denne runden er avklaringar i høve den eksterne rapporten utarbeida av Norconsult. Det betyr at det ikkje er rom for spørsmål rundt kommunen si behandling av saka då den først skal utarbeidast i tida etter folkemøta. Då vil kommunedirektøren leggja fram sak til politisk behandling med si innstilling.

Plan for gjennomføring av folkemøta:

Veke 3 (Norconsult deltek fysisk)

- 18.01: Bjoa bygdehus kl. 19.00 - 20.30
- 19.01: Imsland bygdehus kl. 19.00 - 20.30
- 20.01: Vats - gymsalen kl. 19.00 - 20.30
- 21.01: Vikebygd bygdehus kl. 19.00 - 20.30

Veke 4 (Norconsult deltek digitalt)

- 25.01: Skjold arena kl. 19.00 - 20.30
- 26.01: Sandeid samfunnshus kl. 19.00 - 20.30
- 27.01: Vikedal bygdahus kl. 19.00 - 20.30
- 28.01: Vågen bygdasenter kl. 18.00 - 19.30 - Ølen kulturhus kl. 20.00 - 21.30

Kva skjer vidare etter folkemøta?

Kommunedirektøren vil utarbeida sak til politisk behandling etter folkemøta. Då vil innspela frå høyringsprosessen bli tatt med i kommunedirektøren si vurdering og innstilling.

Etter at saka er levert til politisk behandling er det gruppemøte og anna som skjer. Saka skal endeleg vedtakast i kommunestyremøte i mai/juni .

Det er mogleg å skriva høyringsuttale fortløpande på heimesida til Vindafjord kommune fram til 1. februar, [det kan gjerast via denne lenka her.](#)

Eg vil nytta høvet til å ønskja dykk alle ei god og fredeleg jul!

15.12.20

Yngve Folven Bergesen



Kommunedirektør Vindafjord kommune